



# FYLKESMANNEN I ROGALAND

## Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2003/10465  
Arkivnr.:

Dykkar ref.:  
Vår dato : 26.05.2003

Klepp kommune  
Postboks 25  
4358 KLEPPE

## Tilbakemelding etter kontakt- og tilsynsbesøk i Klepp kommune 26.11.02

Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland var på kontakt- og tilsynsbesøk i Klepp kommune 26.11.02. Skolevurdering og kvalitetsutvikling var hovedtema for besøket. Temaet ble klargjort gjennom samtalar/intervju med representantar frå leiinga i kommunen, samt skoleleiarar og representantar for lærarar, foreldre og elevar frå Engelsvoll skule og Orstad skule.

I tillegg orienterte kommunen om aktuelle initiativ og saker innanfor skolen si verksemd, med spesielt fokus på utviklingstiltak.

### **Følgjande personar deltok ved kontakt- og tilsynsbesøket:**

Hans Voll	leiar av hovudutval for opplæring
Ivar Undheim	rådmann
Trond Roy Pedersen	kommunalsjef
Sigurd Aukland	assisterande kommunalsjef
Kari Hole	leiar av PP-tenesta i Klepp
Råmund Løland	rektor Engelsvoll skule
Knut Norddal	rektor Orstad skule
Borghild Friestad	lærar Engelsvoll skule
Mette Monge	lærar Engelsvoll skule
Evy Erga Steinsland	lærar Orstad skule
Ragnhild Otto	lærar Orstad skule
Else Thu Maudal	FAU repr. Orstad skule
Gerd Kyllingstad	FAU repr. Orstad skule
Sara Grindheim	elevrådsrepresentant Engelsvoll skule
Kjetil Lende-Aarbogh	elevrådsrepresentant Engelsvoll skule
Bjørnar Goa	elevrådsrepresentant Orstad skule
Bjørg Lønne	Elevrådsrepresentant Orstad skule
Svein Helgesen	Utdanningsdirektør
Audun Gjerde	rådgivar

FAU representantane frå Engelsvoll skule møtte ikkje.

## **Del 1: Intervju/samtalar med fokus på skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling**

Første del av kommunebesøket var sett av til strukturerte samtalar/intervju med følgjande informantar:

- Rektorane ved Engelsvoll og Orstad skolar, samt leiar for PPT i Klepp
- 2 lærarar frå Engelsvoll skule og 2 frå Orstad skule
- 2 foreldrerepresentantar frå Orstad skule. (Her møtte ikkje foreldrerepresentantane frå Engelsvoll skule).
- 2 elevrepresentantar frå kvar av skolane

Samtalane tok utgangspunkt i eit sett av spørsmål som vert nytta ved kontakt- og tilsynsbesøk i alle kommunar. Fleirtalet av spørsmåla er felles for alle informantgruppene. Samtalane var organisert gruppevis. Hovudtema i samtalane er kommunens/skolane sitt arbeid med skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling, med basis i Forskrift til Opplæringslova, §2-1:

*” Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.*

*Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.”*

Hovudtrekka frå samtalane er stikkordsmessig oppsummerte i eit skjema som følgjer denne rapporten som eige vedlegg, unntake offentlegheita. Skjemaet er å sjå på som internt grunnlagsmateriale for vårt arbeid med rapporten, og som intern informasjon for kommunen. Vi erfarer under slike samtalar at spesielt foreldre og elevar kan oppleve temaet skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling som noko vanskeleg å uttale seg om. Utdanningsdirektøren vil derfor presisere at den skjematiske oppsummeringa utelukkande tar sikte på å referere og få fram informasjon, synspunkt og vurderingar som kom fram under samtalane med informantane frå dei involverte skolane. Generelle vurderingar og konklusjonar på bakgrunn av samtalane er tekne med i sjølve tilsynsrapporten.

## **Del 2: Aktuelle saker/tiltak i skolane i Klepp – orientering og drøfting**

Andre del av kommunebesøket var sett av til informasjon/drøfting av aktuelle tema som kommunen hadde uttrykt ønske om å setje på dagsorden. I tillegg til orienteringar om kvalitetsutvikling og skolebasert vurdering i grunnskolen hadde kommunen sett opp som drøftingstema spesialundervisning, ressurssituasjonen og investeringsbehovet i Klepp-skolen, prosjekt kring uteområda på skolane, fordeling av statlege kompetanseutviklingsmidlar og ønskje om endringar i paragrafane 2-5, 8-2 og 8-3 i opplæringslova

### **a. Spesialundervisning**

I 2001/2002 får 2,59 % av elevane i grunnskolen i Klepp enkeltvedtak om spesialundervisning. Til samanlikning er snitt-tala for fylket 4,78 % og for landet 5,6 %. Utdanningsdirektøren har i tilstandsrapporten stilt spørsmål ved om det er mogleg å innfri elevane sine rettar med ein så låg %-del spesialundervisning. Kommunalsjefen trekte fram at det følgjer mykje unødig administrativt arbeid og byråkrati med mange enkeltvedtak. Kommunen har ønskje om å drive forsøk på dette området med sikte på å bruke meir av ressursane direkte på arbeidet med elevane, og mindre til administrering. Han

meinte elles at elevar med behov for spesialundervisning får rettane sine oppfylt i Klepp, sjølv om talet på elevar med enkeltvedtak er lågt.

**b. Prosjekt kring uteområda på skolane**

Kommunen har planar om eit utviklingsprosjekt når det gjeld uteområda på Orstad og Engelsvoll, saman med Planteforsk. og Statens forskningsgard på Særheim. Ein har planar om å trekke inn vedlikehaldsavdelinga i kommunen i eit slikt utviklingsprosjekt. Planteforsk. er interessert i å få i gang slike prosjekt over heile landet. Klepp kommune er interessert, men vil i så fall ha trong for midlar utanfrå til prosjektleiing og evaluering.

Utdanningsdirektøren peikte på at dette kan bli vanskeleg, sjølv om prosjektet verkar interessant, fordi satsingsområdet ikkje stemmer heilt med områda staten vil prioritere utviklingsmidlar til dei nærmaste åra. Utdanningsdirektøren vil undersøkje om det finst andre kjelder til slik støtte, og gi kommunen tilbakemelding.

**c. Fordeling av statlege kompetanseutviklingsmidlar**

Klepp er sterkt kritisk til Kvalitetsutvalet sine tankar om å knyte dei statlege kompetanseutviklingsmidla til lærarutdanningsinstitusjonane i distrikta. Kommunen meiner kommunane må få stå langt friare med omsyn til kven dei vil lage avtalar med – og har sagt tydeleg ifrå om dette i høyringsfråsegnene sine.

Utdanningsdirektøren gjorde greie for at det vil bli monaleg mindre frie midlar i 2003 sidan mellom anna midlane til lærarstipend innan matematikk og skolebibliotek samt bonus- og demonstrasjons-skolar skal takast herifrå. Utdanningsdirektøren sitt syn er at midlane til kommunane må følgjast av minst mogleg bindingar, og tildelinga må gjerast så lite byråkratisk som råd er.

**d. Timeressursar i Klepp-skolen**

Klepp ligg mellom dei kommunane i Rogaland som løyver minst ressursar til delingstimar og spesialundervisning i skolen. Ressursane til dette i Klepp utgjer i 2001/2002 38 % tillegg til minstetimetalet. Til samanlikning ligg snitt-tala i fylket på om lag 44 % og i landet 46 %.

**e. Investeringsbehovet i Klepp-skolen**

Rådmannen gjorde greie for at Klepp kommune er ein vekstcommune med store investeringsbehov. Kommunen ønskjer at fordelinga av rentekompensasjonsmidlar frå staten tar meir omsyn til veksten i kommunane. Kommunen er misnøgd med den tildelinga dei har fått.

Rådmannen illustrerte veksten med å vise at kommunen dei siste åra har investert om lag 100 mill. til utbetringer og utbyggingar på Kleppe, Bore, Orstad, Engelsvoll og Horpestad skolar. Han viste vidare til at det nå er planar om investering av ytterlegare om lag 100 millionar dei nærmaste åra. Ny ungdomsskole vil aleine koste 80-90 millionar.

Kommunen har planar om å samarbeide med Time om løysningar på Orstad og i Tu/Kåsen-området.

**f. Ønskje om endringar i §§ 2-5, 8-2 og 8-3 i opplæringslova**

Klepp har godkjende forsøk i gang på fleire skolar når det gjeld krava i §§ 2-5, 8-2 og 8-3. Kommunen er sterkt oppteken av kva som vil skje med desse paragrafane. Utdanningsdirektøren viste til det lovendringsarbeidet som er i gang, tar sikte på å gi kommunane større handlingsrom mellom anna på desse områda.

I ettertid av tilsynsbesøket er det gjennom Ot. prp. nr. 67 lagt fram forslag om lovendringar mellom anna på desse områda. Planen er at dei endringane som måtte bli vedtekne av Stortinget i juni 2003, skal gjerast gjeldande allereie frå komande haust.

## Oppsummering/vurdering

Følgjande oppsummering/vurdering frå utdanningsdirektøren byggjer i hovudsak på inntrykka frå samtalar og informasjon under kontakt- og tilsynsbesøket, samt frå gjennomgang av skriftleg materiale innsendt frå kommunen i førekant av besøket.

*Utdanningsdirektøren sitt hovudinntrykk er at skolen i kommunen vert driven med stort engasjement og solid fagleg innsikt frå både kommune- og skolenivået si side. Kommunale styringsdokument og etablerte rutinar for informasjon, involvering, rapportering, evaluering og praktisk oppfølging frå kommunenivå til skolenivå ber preg av evne og vilje til målmedviten satsing og heilskapleg strategisk tenking.*

*Klepp synest å liggje heilt i front av kommunane i Rogaland når det gjeld strategisk planlegging og utvikling av system og rutinar som skal sikre at det skjer utviklingsarbeid på alle skolane. Systemet (det instrumentelle) er på plass. Det overordna kommunale nivået har teke initiativ, stimulert igangsetjing, koordinert tiltak, gitt støtte underveis og lagt til rette for at det skjer systematisk vurdering. Kommunen legg stor vekt på å følge den enkelte skolen tett opp og medverke aktivt til lokal skoleutvikling på skolen sine eigne premissar, gjennom fagleg rettleiing, stimulering og støtte.*

*Samtalane under besøket i Klepp gir, saman med dei tilsendte dokumenta, grunnlag for ei godt dokumentert vurdering av kor langt kommunen er kome i arbeidet med å forankre intensjonar og prinsipp i kommunale skolevurderings- og kvalitetsutviklingsdokument i den enkelte skolen, slik at dei i praksis verkeleggjer og pregar skolekvardagen i klasserom og skolemiljø. Samtalane etterlet eit klårt inntrykk av at ein både på kommune- og skolenivået er opptekne av og arbeider målbevisst med denne forankringa. Både skoleleiarane og lærarane som deltok i samtalane, uttalte at her ligg store utfordringar og at ein opplever at ein er underveis. Det fins naturleg nok framleis variasjonar frå skole til skole. Samtidig vert det tydeleg understreka frå skolenivå at kommunen sitt utviklingsengasjement og kompetanse på området blir høgt verdsett.*

*Med bakgrunn i inntrykka frå kontakt- og tilsynsbesøket oppfordrar utdanningsdirektøren kommunen til å vidareføre sitt systematiske arbeid med skolevurdering og kvalitetsutvikling i skolane, forankra i overordna og sterkt engasjement frå kommunenivået. Ut frå samtalane/intervjua med representantar for skoleleiinga, lærarar, foreldre og elevar vil utdanningsdirektøren framheve følgjande utfordringar i det vidare arbeidet:*

- *Tidsmessig og praktisk tilrettelegging for personalet i skolen. For lite tid sett av til mellom anna oppfølging av elevane i elevsamtalar blir lett ein motivasjonshemmande faktor.*
- *Meir tid sett av til mellom anna erfaringsutveksling mellom skolane på lærarnivået (Det går fram at dette fungerer bra på rektornivået).*
- *Vidareutvikling av informasjons- og kontaktarbeidet i relasjonen mellom skole og heim. Dette er nødvendig for å auke foreldra sitt engasjement og deltaking i skolen sitt lokale utviklingsarbeid.*
- *Vidareutvikling av tiltak som styrker elevane sin medverknad, både i høve til planlegging og gjennomføring av læringsarbeidet på klassenivået og til skolen sin overordna plan- og strategiprosess.*
- *Tilrettelegging for at PP-tenesta skal arbeide meir systemretta, og mellom anna ta del i arbeidet med skolebasert vurdering.*
- *Klårgjering av PP-tenesta sin plass og funksjon som kommunen sitt sakkunnige organ samtidig som den faglege integriteten er teken vare på.*

Utdanningsdirektøren vil til slutt takke Klepp kommune for eit hyggeleg og godt tilrettelagt besøk, god informasjon og konstruktiv dialog.

Vi seier oss svært leie for at arbeidet med rapporten p.g.a. opphoping av arbeidsmengd hos saksbehandlar, har teke urimeleg lang tid.

Med helsing

Svein Helgesen  
utdanningsdirektør

Audun Gjerde  
rådgivar

Vedlegg: Skjematiske oppsummeringer frå intervju/samtalar (unntatt offentlegheit)

*Saksbehandlar: Audun Gjerde  
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 36  
E-post: audun.gjerde@fm-ro.stat.no*